


ÅRSPLAN

2025 – 2026



Åfarnes
Barnehage

Innhald

Innhald	2
Åfarnes barnehage.....	3
Barnegruppa	3
Personale	3
Brukartilbod	4
Opningstid og ferie.....	4
Dagsrytme:.....	4
Barnehagens formål og innhald	5
Omsorg.....	6
Leik	6
Danning	7
Læring	8
Vennskap og fellesskap	8
Kommunikasjon og språk.....	9
Medverknad	10
Samarbeid mellom heim og barnehage	10
Samarbeidsutvalet 2025-2026.....	11
BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL ALLE FORELDRE:	11
Overgangar.....	12
Barnehagen som pedagogisk verksemd	12
Planlegging.....	12
Årsplan	12
Vurdering	13
Dokumentasjon.....	13
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.....	14
Arbeidsmåttane til barnehagen	14
Korleis jobbar barnehagen med dei sju fagområda.....	14
Progresjonsplan for dei sju fagområda	15
Kommunikasjon, språk og tekst.....	15
Kropp, rørsle, mat og helse	16
Kunst, kultur og kreativitet	16
Natur, miljø og teknologi	17
Mengde, rom og form.....	17
Etikk, religion og filosofi.....	18
Nærmiljø og samfunn	18

Åfarnes barnehage

er ein kommunal heildagsbarnehage som har vore i drift sidan 1992 – i noverande lokale sidan 2008. Barnehagen har to avdelingar – Maurtua for dei minste oppe og Bjørnehiet for dei største nede.

Barnehagen har eit variert uteområde med leikeplassar og naturleg kupert terreng. Leikeplass på framsida har sykkelvegar, leikestativ, leikehytte, leikekjøkken og sandkasser. Bak barnehagen er det eit skogsområde med ny gapahuk, grillplass, benkar, sklie, leikehus og sandkasse. Åfarnes skule er næraste nabo med klatrejungel, ballbinge og gymsal vi kan bruke ved ledig kapasitet. Vi har rik tilgang på allsidige turmål i skog og fjøre, til fotballbana, Holeskogen, trail-bana, Grindbygget, innover gamlevegen, til ferje, brannstasjon, butikk og elles i nærmiljøet.

Adresse: Åfarnes barnehage, Myraveien 2, 6360 Åfarnes

Mail: aafarnes.barnehage@rauma.kommune.no

Telefon: 948 80 493

Barnegruppa

Haut 2025 blir det 23 barn i Åfarnes barnehage. Det er 14 barn fødd i 2020, 2021 og 2022 knytt til avdeling Bjørnehiet og 9 barn fødd i 2022, 2023 og 2024 knytt til avdeling Maurtua. Vi har eit utvida samarbeid mellom avdelingane, tilpassa etter barnetal og gruppestørrelse. Vi deler ofte opp i mindre grupper etter alder, for leikevenner og for å tilpasse etter dei enkelte sine behov. Vi samarbeider også på morgonen og ettermiddagen

Personale

Monica Dahle Skiri

Styrar

Bodil Lybergsvik

Pedagogisk leiar

Wenche Sande

Pedagogisk leiar (disp.)

Marit S. Brokstad

Pedagogisk leiar

Sigrid Sande

Assistent

Siri Hatlen

Assistent

Randi H. Eide

Fagarbeidar

Marit H. Dahle

Ped.assistent

Silje Wågbø

Lærling



Barnehagesjef i Rauma Kommune: Hilde Elin Kavli Ree

Brukartilbod

Barnehageåret gjeld frå 1.8. til 31.7. året etter. Hovudopptak frå 1.8. – søknad innan 1.3. same år. Tilbodet er heil eller halv plass. Barna har plass 9 timar kvar dag innafor opningstid. Reglar for bruk av barnehageplass er beskrive i [Barnehagevedtekter - Rauma kommune](#)

Opningstid og ferie

Barnehagen er open måndag - fredag kl. 07.15 – 16.30.

Kjernetida i barnehagen er mellom 09.00 og 14.00 – då skjer dei fleste planlagde aktivitetane.

Foreldre må gje beskjed dersom levering/henting skjer i kjernetida, eller om barnet ikkje kjem.

Planleggingsdagar 25-26

Barnehagane har fem planleggingsdagar pr. år, desse dagane er barnehagen stengt.

Måndag 11.8.25 , måndag 6.10.25, fredag 02.01.26, fredag 15.05.26

Den 5. dagen er ikkje fastsett, info kjem når datoen er klar.

Ferie 2025-26

Julestengt – frå og med julaftan til og med 1.nyttårsdag.

Sommarstengt tre veker – veke 28, 29 og 30. Det vil være sommarbarnehage, med redusert drift før og etter sommarstengt.

Dagsrytme:

Kl. 07.15	Barnehagen opnar – mottak av barn.
Kl. 08.00-08.30	Frukost – matpakke – vi serverer mjølk/vatn
Ca kl. 08.30	Fri leik inne og mottak av barn
Kl. 09.00	Samlingsstund/leik/tur/aktivitet inne eller ute
Kl. 11.00	Lunsj: Smøremåltid/varm mat/nistemat, frukt og grønt
Kl. 11.30	Soving/kviling Frileik ute/inne
Kl. 14.00	Ettermiddagsmat – frukt og grønt
Kl. 14.30	Roleg aktivitet, frileik inne/ute
Kl. 16.30	Barnehagen stenger

Årsplan for barnehagen bygger på *“Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver”*.

Rammeplan gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen. Med utgangspunkt i rammeplan skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsette ei årsplan for den pedagogiske verksemda.

Fagleg ansvarleg for årsplanen: styrar Monica Dahle Skiri

Årsplan vart fastsett i barnehagens samarbeidsutval – dato: 15.9.2025

Med leiken og naturen som arena vil vi gje alle barn moglegheit til ei allsidig utvikling - få fram det beste for kvar einskild og fellesskapet.

Rauma kommune sin visjon og kjerneverdier skal vere med og prege barnehagane våre:

Verdens beste kommune for naturglade menneske!

Samarbeidsvillig – Ekte – Raus

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa.

I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartronge. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Barnehagen skal vere ein kulturarena der barna er med og skaper sin eigen kultur i ein atmosfære prega av humor og glede. Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt, utfordrande og gi barna allsidige rørsleerfaringar.

Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande omsyn, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1. Det er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd.

Barnehagen skal ha en helsefremmande, forebyggande funksjon og bidra til å utgjeve sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd, forebygge krenkelsar og mobbing

Styringsdokument

- Lov om barnehagar. Lov om barnehagar (barnehagelova) (udir.no)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. Rammeplan for barnehagen (udir.no)
- Rauma kommune si budsjett og økonomiplan.
- Barnehagen sine vedtekter. Barnehagevedtekter - Rauma kommune
- SOL (Saman Om Lesing)
- Plan for overgangar

Omsorg

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Barnehagepersonalet har ei yrkesetisk plikt til å handle omsorgsfullt overfor alle barn i barnehagen. Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna.

Slik gjer vi det:

Personalet må arbeide med å bygge gode relasjonar til kvart enkelt barn, og hjelpe barna til å bygge gode relasjonar seg i mellom. Sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhørslse i barnehagen. *Barnas trivsel er dei vaksne sitt ansvar!*

Møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn.

Dei vaksne må vere trygge, støttande og ha barneperspektivet. Vaksne skal vere gode rollemodellar, vise positive haldningar og legge til rette for ein stabil kvardag.

Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg.

Dele gode erfaringar med kvarandre som inspirerer og løfter fram positive haldningar overfor det enkelte barn.

Deling i mindre grupper, gjer det lettare å sjå, og vise omsorg for det enkelte barnet.

Dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile.



Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, venskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning, og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

Slik gjer vi det:

Fri lek både inne og ute. Gruppedeling, både etter alder og på tvers av alder. Vaksne skal støtte barna og delta aktivt for å holde leiken i gang, inkludere andre barn og utvide leiken.

Gje rom for barna sin eigen leikekultur.

Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar lek.

Gje barna felles erfaringar som grunnlag for lek og legge til rette for utvikling av leiketema.

Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster.

Vaksne kan ta initiativ til lek og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken, men vere bevisst og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken.

Danning

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samstundes rommar danning alt dette. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter og støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngevrne val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling. Danning er ein livslang prosess.

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Gjennom samspel, dialog, lek og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar. Barnehagen skal gi barn trua på seg sjølv og andre. Omsynet til kvarandre og gjensidige samhandlingsprosessar i lek og læring er ein føresetnad for barnas danning.

Slik gjer vi det:

Legge til rette for meistringsopplevingar for den enkelte og gruppa, støtte den positive sjølvforståinga til barna.

Ta barna med på demokratiske prosessar, når avgjerder skal takast i fellesskap. Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet.

Synleggjere og framheve mangfald og ulikskapar som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.

Legge til rette for, og stimulere utvikling av sosial kompetanse.

Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra til eiga og andre si læring.

Slik gjer vi det:

Frileik der barna får tid til å eksperimentere, undre seg og utforske på eiga hand. Det er viktig at dei vaksne tek barna sitt perspektiv og er lydhøyre.

Vaksenstyrte aktivitetar og leik som er forankra i dei ulike fagområda.

Dele barna inn i mindre grupper og legge til rette for tilpassa aktivitetar etter barna sin alder, utvikling og meistringsnivå. Utvide kunnskapar gjennom aktivitetar og utforsking knytt til barnas interesser.

Utvide barnas kunnskap gjennom her-og-no-situasjonar, og gjennom faste rutinar og kvardagsaktivitetar.

Gje barna fellesopplevingar som legg grunnlag for utforsking og læring



Vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.

Barnehagen skal sørge for at alle barn har det trygt og godt. Barnehagen skal jobbe for å forebygge mobbing, og skape eit godt miljø der barna trivs. Alle som jobbar i barnehagen må hjelpe barna til å ta vare på kvarandre, og dei har plikt til å følgje med på korleis alle barna har det, og gripe inn dersom barn blir utsett for krenkingar.

Slik gjer vi det:

Gje positiv tilbakemelding når barna gjer positive handlingar og framsteg. Støtte og hjelpe barna der dei gjev uttrykk for at dei treng ein vaksen. Tilby hjelp nå ein ser at noko i samspelet mellom barna blir vanskeleg for eit barn.

Bekreft og sjå det enkelte barns handlingar.

Forebygge mobbing og krenking. Legge til rette for, og støtte opp under samspel og samhandling som fremmar sosial kompetanse og gode relasjonar – både mellom barn, og mellom barn og vaksne. Følgje med på korleis alle barn har det. Gripe inn straks, og sette inn tiltak dersom barn blir krenka på noko vis. Varsle styrar dersom eit barn blir utsett for krenkingar.

Rettleie, og gje gode alternativ til handling, når uheldige handlingsmønster oppstår. Øve på godt samspel i mindre grupper.

Til dette arbeidet brukar vi ulike verktøy m.a.: *Venner, Det er mitt val, Det psykologiske 1.hjelps skrinet: Grøne tankar -glade barn, og Snart førsteklassing –med sosial kompetanse i ranselen.*

Kommunikasjon og språk

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.

Slik gjer vi det:

Vi har ulike former for kommunikasjon. Dei vaksne anerkjenner og responderer på dei ulike verbale og nonverbale uttrykka til barna, og støttar språkutviklinga på det nivået barnet er.

Involvere alle barn i samspel og samtalar. Legge vekt på å ha ein positiv omgangstone.

Bruke ulike reiskap for å stimulere språkutvikling og kommunikasjon. T. d. Språkleikar, snakkepakken, ulike spel, lese bøker, bruke konkretar og bilete.

Samtaler og forteljing, Rim og regler.

Følgje med på kommunikasjon og språkutviklinga til barnet, for å fange opp og gje ekstra støtte til barn som har ulike former for språkvanskar. Samarbeid med t.d. Ppt.

Medverknad

Barn sin rett til ytringsfridom skal ivaretakast og vernast om. Medverknaden må integrerast i arbeidet med innhaldsområda til barnehagen. Både kroppsleg og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Å ta barns medverknad på alvor føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra. Den pedagogiske verksemda må organisere og planlegge slik at det blir tid og rom for medverknad, tid og rom for å lytte og samtale. Slik kan barn bli motiverte til å påverke sin eigen og gruppa sin kvardag i barnehagen. Dei vaksne må være tydelege og ansvarsfulle og ta omsyn til heile gruppa.

Slik gjer vi det:

Vi skal la barna få ytre sine meiningar, bli høyrte og bli tekne på alvor. Vi oppfordrar og legg vekt på at barna får klare sjølv utifrå egne føresetnader.

Deling i mindre grupper gjev større rom for barna sin medverknad. Frileiken inneheld mange val av aktivitet og samspel. Barna sine interesser og ønsker blir tatt inn i planlegging av aktivitetar og tema.

Gje rom for gode samtalar der barna får anledning til å ytre seg. Dei vaksne må være interessert og lyttande.

Samarbeid mellom heim og barnehage

Foreldre og personalet i barnehagen har felles ansvar for at barna trivst og utviklar seg. Samarbeidet mellom heim og barnehage må byggje på gjensidig openheit og tillit. Både foreldre og personale må forhalda seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte. Foreldreråd og samarbeidsutval skal mogleggjere og fremje aktiv kontakt mellom foreldregruppa og barnehagen, og være med å skape eit godt barnehagemiljø.

Vi ønskjer dagleg kontakt og har fokus på ein god overgang ved levering og henting. Vi legg til rette for det innanfor dei rammene og ressursane vi har. Ein føresetnad er at personale og foreldre må ha tid og være opne og interessert i dialog.

Minbarnehage-app med dagbokpost, meldingar og beskjedar er elles den viktigaste plattforma for skriftleg kommunikasjon mellom heim og barnehage.

Kommunikasjon gjennom året:

- Foreldresamtaler 1-2 gonger pr. år. Foreldre og barnehage kan be om samtale utover dette ved behov.
- Felles foreldremøte 2 gonger pr. år.
- Foreldreutval – alle foreldre/føresette. To representantar blir valt til SU
- Samarbeidsutval – SU – to føresette, to tilsette og styrar. Alle foreldre kan bringe inn saker til SU via representantar eller styrar.

Brukarundersøking ca. kvart andre år – personalet får ein peikepinn på kva barnehagen er god på og kva vi må jobbe meir med.

Samarbeidsutvalet 2025-2026

- Trond Aursand (leiar) og Aleksander Slemmen (vara) frå foreldre.
- Siri Hatlen og Marit H. Dahle frå tilsette.
- Monica D. Skiri (styrer)

BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL ALLE FORELDRE:

- At alle føresette følgjer med, les, legg inn fråvær og gir tilbakemeldingar i VismaBarnehageApp
- At personalet blir informert om hendingar i familien eller andre opplevingar som er av betydning for barnet.
- At de tek kontakt med personalet om det er noko de er misnøgde med, då har barnehagen mogelegheit til å forandre og utvikle seg.
- At barnehagens opningstid blir overhalde
- At barnet har hensiktsmessig klede, skotøy og skift i barnehagen.
- Sei frå om barnet ikkje kjem i barnehagen, vert henta av andre eller kjem seinare enn vanleg.
- At barn som er sjuke skal haldast heime til dei er friske. Dei må kunne vere ute og kunne delta i ein aktiv barnehagekvardag.



Overgangar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet får ein trygg og god oppstart i barnehagen. Ved overgang mellom avdelingar, til anna barnehage og til skule skal barnehagen i samarbeid med foreldre gje barna tid og rom til å bli kjende med ny arena. Vi utvekslar kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid. Vi legg til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som varetek barnets behov for kontinuitet og tryggleik.

Slik gjer vi det:

Vi jobbar etter plan for overgangar for Rauma kommune.

Besøksdag før oppstart, mjuk start og lang nok tilvenningstid, tilpassa det enkelte barn.
Bygge relasjon til barn og vaksne i avdelinga og etter kvart resten av barnehagen.

Besøk på ny avdeling før overgang med kjent vaksen til stades
Kontakt med ny barnehage ved eventuelt bytte, i samarbeid med foreldre.

Førskuleklubb med aktivitetar som førebur oss på skuletida, fokus på kva vi kan være spent på, forventningar, følelsar, sjølvstende, Trampolinebok med ulike tema, samtalar og filosofering, avslutning av barnehagetida. Vi blir betre kjent med skuleområdet og skulen.
Blir kjent med kommande klassekameratar, nye vaksne, fadderklassen og kontaktlærar.

Samarbeid med ulike klasser/lærarar, vi "lånar" skulen sitt uteområde, gymsal og ballbinge.

Besøksdag på skulen i mai/juni der kontaktlærar har regien.

Overgangssamtalar med foreldre og kontaktlærar.

Sommaravslutning for å markere barnehageslutt.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Planlegging

Planlegging gir grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Det bidreg til kontinuitet og progresjon for barnegruppa og for enkeltbarn. Planane er eit arbeidsreiskap og eit grunnlag for refleksjon og utvikling av verksemda. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelov og rammeplan. Barnehagen utarbeider ei lokal periodeplan som sikrar at alle fagområde blir ivaretekne gjennom året.

Årsplan

Årsplan byggjer på Rammeplan for barnehagar. Detaljerte mål vert presentert under fagområda lengre bak. Barnehagen har periodeplan, med tema og fagområde fordelt utover året. Avdelingane har månadsplan som byggjer på periodeplan, årsplan og rammeplan. Periodiske mål og delmål blir presentert i månadsplan. Årsplan er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og informasjon til eigar, myndigheit og samarbeidspartar.

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Formålet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelov og rammeplan. Arbeidet til barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelov og rammeplan.

Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Det gjev personalet grunnlag for vidare planlegging og gjennomføring, og bidreg til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd. Kunnskap om barnegruppa og enkeltbarn sin trivsel og utvikling er viktig for å gje alle barn eit tilbod i tråd med rammeplan og barnehagelova. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsarbeidet.

Slik gjer vi det:

Vi bruker avdelingsmøte, pedagogisleiarmøte og personalmøte til å vurdere, reflektere over og eventuelt justere praksis.

Vurdere eigen praksis mot felles mål, barnehagen sin visjon, styringsdokument og årsplan. Vurdering av barna sine behov, utvikling og meistringsnivå med utgangspunkt i generell utviklingspsykologi. Vi bruker ulike observasjonsmateriale og refleksjonsgrupper.

Intervju og samtaler med barna.

Personalet må være lojale, jobbe mot dei mål vi har satt oss og ha evne til å justere desse for at kvaliteten skal bli best mogleg.

Vurdere kvaliteten i barnehagen gjennom brukarundersøking, kommunale tilsyn og foreldremedverknad.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljø og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Eit etisk perspektiv skal ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Foreldre har rett til å få sjå dokumentasjon om eige barn, og til å få sletta eller korrigert opplysningar som er feil eller misvisande.

Slik gjer vi det:

Vi brukar appen “Visma Min barnehage” til dagleg kontakt med foreldra. Med m.a:

- Registrering av oppmøte
- Soveliste for dei minste
- Dagbokfunksjon, der det blir gitt kort notat med tekst og bilete frå kvardagen til barna.
- Beskjedar og meldingar mellom barnehage og heim.

Oppslag med bilete og liknande, utstillingar av prosjekt/formingsrelaterte aktivitetar som viser kva vi arbeider med.

Evalueringar og referat frå ulike møter i barnehagen.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte
Barnehagen skal sørge for at barn tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal saman med foreldre/føresette vurderast og justerast i tråd med behova til barnet.

Vi følgjer Tidleg innsats-modellen for Rauma kommune. [Tidlig innsats for barn og unge - Rauma kommune](#) og samarbeider med eksterne instansar som pedagogisk psykologisk teneste (PPT), helsestasjon, logoped, fysioterapeut, barn- og ungdom psykiatriske (BUP) og barneverntenesten.

Arbeidsmåttane til barnehagen

Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar som bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon for enkeltbarn og barnegruppa. Dei må være tilpassa barnehagen og lokalmiljøet, og være tverrfagleg forankra i rammeplan.

Arbeidsmåttane skal gi rom for nye erfaringar, opplevingar, barna skal kunne medverke og personalet skal veksle mellom spontane og planlagde aktivitetar.

Vi legg til rette for

- meistringsopplevingar, samstundes som barna har noko å strekkje seg etter.
- fordjuping, attkjenning og gjentakning av innhaldet og arbeidsmåttane i barnehagen.
- nye erfaringar og opplevingar
- ein bevisst bruk av variert materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr.
- tilpassa aktivitetar i grupper ut frå alder, utvikling, interesser og vennskap

Vi vil arbeide ekstra for å ivareta eit godt og positivt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen sin visjon vil ha eit gjennomgåande fokus i arbeidet med å utvikle godt samspel og sosial kompetanse.

Korleis jobbar barnehagen med dei sju fagområda

Rammeplan inneheld sju fagområde som har eigenverdi for barn i barnehagealder. Fagområda skal sjåast i samanheng og vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Barnehagen utarbeider ei periodeplan med gjennomgåande tema. Her dreg vi inn dei ulike fagområda. I tillegg dreg vi fagområda inn i årlege tradisjonar, høgtider, årstider og kvardagsaktivitetar. Avdelingane utarbeider månadsplan gjennom året som er meir detaljerte.

Rammeplan legg til grunn at det skal utarbeidast ein progresjonsplan som syner korleis det blir arbeidd med innhald og oppgåver knytt til dei sju fagområda. Det er viktig å peike på at progresjon er ein prosess. Det er store individuelle forskjellar på når barn når milepålar og når dei er klare for ny læring. Arbeidet vårt vil, så langt det er mogeleg, bli tilpassa det enkelte barn, progresjonen skal følgje barnet. Aldersinndelinga i tabellane nedanfor vil difor være retningsgjevande, men ikkje absolutte.

Progresjonsplan for dei sju fagområda

Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehaugen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Å utvikle språket, både verbalt og non-verbalt, er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk, uttrykkje kjensler, tankar og meiningar. Kommunikasjon er avgjerande for den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utviklinga.

Ha erfaring med:

Alle barn	Gruppetilhøyrse - en gode samtalen med enkeltbarn og grupper Eit godt og variert språkmiljø, være merksam på kroppsspråk. Bruk av konkretar. Bli lest for, rim, regler, song, bilete... Bruke ulike uttrykksformer i kommunikasjon, både verbale og nonverbale. Lytte til- fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme Dele, samhandle og samarbeide
3-4 åringen	Samtale – undre seg/filosofere. Lytte til lyd og rytme i språket, språkleikar, Språksprell Bruk av ordbilde og synleggjering av tekst på avdeling. Rolleleikar og regelleikar
5-6 åringen	Bruke aktivitetshefte Trampoline Sol (Saman om lesing): verktøy brukt i gruppedeling og samlingar med dei eldste barna Lage egne tekstar samen med ein vaksen, fabulere og leikeskrive. Symbol, språk og tekst



Kropp, rørsle, mat og helse

Barn er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Grunnleggjande motorisk dugleik og god helse blir utvikla i barnehagealder. Gjennom kroppsleg meistring utviklar barna ei positiv sjølvoppfatning og bevisstheit om kropp og helse. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og psykisk og fysisk helse. Barnehagen skal hjelpe til å innarbeide gode vanar og sunt kosthald, og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

Ha erfaring med:

Alle barn	Sunt og variert kosthald. Delta i matlaging, dekking av bord og opprydding. Oppleve matglede og matkultur Hygiene: vaske hender, bytte bleier og gå på do. Motoriske aktivitetar ute og inne, tilpassa alder. Krabbe, åle, danse, hoppe, teikne, male, perle, sage, spikke, snikre, osv. Meistringsglede og rørsleglede, turar i nærområdet Klede etter vær. Ulike årstider Sove/kvilestund – finne balanse mellom aktivitet og ro/kvile
3-4 åringen	Utforske og utfordre smaksløkane Kroppen min: springe, klatre, sykle og klippe «Kven er eg» - jente/gut. Bevisstgjerjing av egne og andre sine grenser. Litt lengre turar i variert terreng
5-6 åringen	Mat påverkar helsa vår Blyantgrep, ballspel, songleikar, regelleikar Kroppen min: «Kjønn» - Forskjellar og likskap på jente og gut. Bli bevisst på egne og andre sine grenser

Kunst, kultur og kreativitet

I barnehagen skal barna få erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal legge til rette for- og vidareutvikle barna sine kreative prosessar og uttrykk. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn.

Ha erfaring med:

Alle barn	Song, dans, rim, regler, musikk og drama. Teikning og forming – erfare ulike materiale. Har tilgang på teikneutstyr og anna kreativt materiale Griper fatt i det barna interesserer seg for. Estetiske erfaringar
3-4 åringen	Ulike instrument, dramatisering Arbeide med ulike teknikkar i det estetiske arbeidet. Tilgjengeleg teikne og formingsutstyr
5-6 åringen	Bildekunst, kunsthåndverk, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Fellesprosjekt - skape noko i lag med andre. Barnekulturen: songleikar, regelleikar, ulike uttrykk og ytringar

Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til ei berekraftig utvikling. Barnehaugen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen i ulike årstider. Barnehaugen skal stimulere barna til å vere nysgjerrig på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar. Digitale verktøy blir nytta i barna sine læreprosessar, er med og bidra til eit allsidig læringsmiljø, men skal ikkje dominere som arbeidsmåte.

Ha erfaring med:

Alle barn	Vêr og årstider – kva treng vi av klede og utstyr Å vere ute, gå på tur i nærområdet til barnehaugen. Naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring Ulike naturmaterialar; vatn, sand, jord, stein, tre... Samspelet i naturen – om planter og dyreliv. Så frø og dyrke grønnsaker Bruk av bilde, film og skjerm i samband med aktivitetar Tema henta frå naturen – ha fokus på berekraft og samspelet menneske/natur.
3-4 åringen	Ulike teknikkar Undre seg over endringar i naturen - årstider Digitale hjelpemiddel som mobil, nettbrett, pc, smartboard/prowise-skjerm - utforske kreativ og skapande bruk saman med barna. Bruke internett for å finne ut ting barna er opptekne av
5-6 åringen	Ulike forsøk Om livsløpet til planter og dyr, krinsløp Bruke Salaby, ein digital læringsarena for barnehaugar.

Mengde, rom og form

Leik er drivkrafta i all læring, også i utviklinga av barna si forståing for matematiske omgrep. Barnehaugen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Leike og undersøke med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling i arbeid med å finne løysingar

Ha erfaring med:

Alle barn	Mengde gjennom bruk av konkretar. Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståing Form gjennom bruk av konkretar.
3-4 åringen	Sortering og teljeregler. Arbeide med ulike perspektiv. Bruke konkretar i samanlikning, sortering storleik, mengde. Form gjennom bruk av konkretar, sortere og samanlikne.
5-6 åringen	Leik og eksperimentering med tal, mengd og teljing. Bruke matematiske omgrep, digitale verktøy Mengde, tal og storleikar gjennom bruk av konkretar, sortere og klassifisere, Brettspel og ulike teljemateriell i leik og aktivitetar.

Etikk, religion og filosofi

Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for levestiltet til andre menneske, gi rom for undring og samtalar om eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål.

Ha erfaring med:

Alle barn	Norske tradisjonar - markere 17. mai, fastelavn, Lucia, nissefest karneval/utkledding. Kristne høgtider, jul- og påske. Vise omsyn og respekt for kvarandre. Samtale og undring Vi arbeider med å forstå kvarandre, opparbeide relasjonar, førebygge konflikter og løyse konflikter saman når dei oppstår.
3-4 åringen	Noreg - eit fleirkulturelt samfunn og minoritetar. Samefolkets dag Bruke verktøyet «Det er mitt val» Øve oss på å setje ord på kjensler og følelsar, meiningar og ønskjer
5-6 åringen	Bli kjent med andre religionar som er representerte i barnegruppa. Kyrkjevandring i desember med fokus på juleevangeliet Samtale, undring og refleksjon over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål Forskjellar og likskapar. Bruke verktøyet «Det psykologiske førstehjelpsskrinet» - raude og grønne tankar. Utvikle ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.

Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, kjennskap til kulturelt mangfald ulike levemåtar, forskjellige familieformer og nasjonale minoritetar.

Ha erfaring med:

Alle barn	Barnehagens nærmiljø og lokalsamfunn, gå på tur i nærmiljøet. Samtale om det vi ser og høyrer, lære enkle normer og reglar for korleis ein agerer i samfunnet Medverknad i eigen kvardag
3-4 åringen	Få kjennskap til ulike levemåtar, familieformer, ulike yrke– bygd og by. Noregs urbefolkning – samane. Lære enkle trafikkreglar
5-6 åringen	Besøke lokale bedrifter og være med på lokale tradisjonar Samisk kultur og levestilt. Nasjonale minoritetar. Menneskerettar, barnekonvensjonen, FN-dagen Samfunnet er i endring: historie, notid og framtid